


Strategisk næringsplan



Gode vekstforhold

Innhold

| | |
|--|---|
| Om næringsplanen | 3 |
| Mål | 4 |
| Strategi | 4 |
| Vi vil: | 4 |
| Dette vil vi gjøre: | 5 |
| Tiltak | 6 |
| Slik vil vi gjøre det: | 6 |
| Utfordringar: | 7 |
| Gi næringslivet og verksemdene gode vekstforhald gjennom å legge til rette for: | 7 |
| Analyse | 8 |
| Omsetnad og lønsemd | 8 |
| Lønsnivå | 9 |

Om næringsplanen

Næringsplanen er meint som eit retningsgivande dokument for korleis arbeidet med næringsutvikling skal løysast i Fjord kommune. Planen gir ei politisk føring for kva tiltak som skal gjennomførast i planperioden. Fleire av tiltaka i planen krev vidare detaljutgreiingar og nye politiske vedtak mellom anna knytt til ressursbruk.

I 2021 har Fjord kommune følgande verkemiddelapparat knytt til næringsutvikling: Kommunalsjef for næring, Fjordhagen, Vekst i Stordal og Landbrukssjef. I tillegg har landbruksnæringa tilgang til Landbruk Nordvest, som kommunen årleg gir støtte. Vedtak om næringsplan inneber ei bestilling til dette verkemiddelapparatet om å nytte 2021 til å gripe fatt i innhaldet i planen, med mål om at endeleg organisering av arbeidet med næringsutvikling kan vere definert gjennom detaljvedtak ved utgangen av året. Vidare at naudsynte ressursar blir definert i økonomiplan og budsjetthandsaming hausten 2021.

Næringsplanen er formulert på eit overordna nivå. Hovudsaka er å fastsette ei organisering av arbeidet med næringsutviklinga som treff godt i høve dei viktigaste utfordringane kommunen og næringslivet står ovanfor. Dette gjeld på tvers av ulike bransjar. Derfor er ikkje planen spesifikk på satsingar innan definerte bransjar og heller ikkje spesifikk på einskilde utviklingsprosjekt.

Hovudsaka er å sikre ei god og effektiv organisering, som samstundes er fleksibel til å gripe fatt i aktuelle tiltak og prosjekt. Dette enten det gjeld bransjar og prosjekt som ein allereie i dag veit vil vere viktig for næringsutviklinga i kommunen, eller bransjar og prosjekt som kan aktualisere seg i åra som kjem og som ein ikkje greier å få auge på per i dag.

At næringsplanen held eit strengt fokus på organiseringa og arbeidet med næringsutvikling gjer at einskilde tema som er viktig for at næringslivet skal utvikle seg ikkje er teken med i sjølve plana. T.d. gjeld dette tema som infrastruktur og bustader/busetnad:

- **Infrastruktur:** Dette er eit tema med stor breidde. Alt frå store fylkeskommunale vegprosjekt til fiber, kaier, gang/sykkelvegar og små kommunale/private vegprosjekt. God infrastruktur er svært viktig for næringslivet. Samstundes er ikkje temaet omtala i detalj i næringsplanen. Organisering av arbeidet med infrastruktur fell meir naturleg inn under samfunnsdelen i kommuneplanen. Eit innspel kan t.d. vere at Fjord kommune i Samfunnsdelen legg inn at det skal utarbeidast ein «Lokal Transportplan» for Fjord kommune. I arbeidet med ein slik transportplan må alle aktuelle infrastrukturprosjekt i kommunen kome på bordet, slik at ein politisk kan prioritere prosjekta innanfor ulike kategoriar og definere korleis ein skal organisere arbeidet med dei prosjekta som blir prioritert. Realisering av infrastrukturprosjekt krev systematisk og langsiktig arbeid. Det er derfor naudsynt med ei politisk prioritering og avsetting av ressursar til å jobbe med desse sakene over tid innanfor ei organisering som er tilpassa kvar einskild prosjekt.
- **Bustader/busetnad:** Også dette er eit viktig tema for næringslivet fordi auka busetnad gir auka tilgang på kompetanse og lokal arbeidskraft. Samstundes fell temaet meir naturleg inn under Samfunnsdelen enn næringsplanen. Eit verkemiddelapparat målretta mot næringsutvikling har behov for anna type kompetanse og fokus enn det som krevst for å leggje til rette for bustadar og busetnad. Dette må derfor løysast gjennom ei anna organisering enn den som er knytt til arbeidet med næringsutvikling.

I arbeidet med næringsplanen har det kome innspel om ei rekke viktige utviklingsprosjekt/samarbeidsprosjekt, t.d. masterplan for reiselivet, besøksstrategi, tettstadutvikling og marknadsføring.

Ingen slike prosjekt er spesifikt nemnd i planen. Samstundes legg planen til rette for at slike prosjekt kan gripast fatt i. Fjordhagen er definert som instans for henvendingar om slike prosjektidear. På den måten blir ansvaret for oppfølging av slike prosjekt tydeleg definert og det skal vere tydeleg for dei som har prosjektidear kvar dei kan gå for å drøfte ideen og få hjelp til å utarbeide/realisere prosjektet.

At kommunen bidreg til lokal omsetnad gjennom sine innkjøp har det også kome mange innspel på i arbeidet med næringsplanen. Dette er eit tema som Fjord kommune bør vurdere i sin innkjøpsstrategi/retningslinjer for innkjøp. Temaet er derfor ikkje vidare omtalt i næringsplanen.

Vår visjon

Fjord kommune – Gode vekstforhold

Mål

Hovudmål:

Gode vekstvilkår for eit berekraftig næringsliv – miljømessig, sosialt og økonomisk.



Hovudmåla er i tråd med FN sine berekraftmål 4, 8, 9, 11, 12 og 17.

Delmål:

- Stort tilsig av nyetableringar
- Utvikling av etablerte verksemder

Strategi

Vi vil:

Gi næringslivet og verksemdene gode vekstforhold gjennom å legge til rette for

- At nye frø kan såast gjennom nyetableringar
- At etablerte verksemder får gjødning gjennom forretningsutvikling
- Kort veg til lokale avgjerder om rammebetingelsar som kan gi vekst i verksemdene
- Vere ein støttespelar for lokale verksemder som treng avgjersler hos regionale og nasjonale mynde
- Næringar som kan hauste frå den rike naturen vår – både «til lands og til vanns».
- **Aktuelle prosessar vert styrt gjennom plan- og bygningslova og anna loverk.**

| Dette vil vi gjere: | |
|---|---|
| Gi næringslivet og verksemdene gode vekstforhold gjennom å legge til rette for: | |
| At nye frø kan såast gjennom nyetableringar | <p>Ha ei solid og kompetent førstelinjeteneste som kan</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) motivere folk til å satse på etablering av ny verksemd 2) hjelpe til med å utvikle forretningsplan 3) hjelpe til med å skaffe finansiering til oppstart 4) vere sparringspartner i oppstarten og kople gründeren saman med relevante kompetansemiljø |
| At etablerte verksemdar får gjødning gjennom forretningsutvikling | <p>Ha eit lokalt verkemiddelapparat som</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) kjenner verksemdene godt 2) er kompetent og kreativ i møte med verksemdene sine utfordringar og moglegheiter 3) evner å hjelpe verksemdene med å gjennomføre forretningsutvikling og finansiering av vidareutvikling |
| Kort veg til lokale avgjersler om rammebetingelsar som kan gi vekst i verksemdene | <ul style="list-style-type: none"> • Administrasjonen og politikanane skal gjere seg kjend med korleis det er å vere næringsdrivande i møte med politiske og byråkratiske prosessar. • Administrasjonen skal vere innstilt på å kome med forslag til moglege løysingar og ikkje berre peike på utfordringar. • Administrasjonen og dei politiske organa skal vere innstilt på å ta opp viktige saker for næringsdrivande på kort varsel. • Sørge for å ha eit oppdatert planverk som legg til rette for nye moglegheiter innan næringsaktivitet. • Tilstrekkeleg kapasitet sakshandsaming. |
| Vere ein støttespelar for lokale verksemdar som treng avgjersler hos regionale og nasjonale mynde | <p>Det lokale verkemiddelapparatet, administrasjonen og politisk leiing i kommunen skal stille opp med tid, ressursar og kompetanse for å støtte opp om saker der lokale verksemdar og kommunen er einige om felles krav overfor regionale og nasjonale mynde.</p> |
| Næringar som kan hauste frå den rike naturen vår – både til lands og til vanns. | <p>Sikre rammebetingelsar og stimulere til at kjende og ukjende kvalitetar ved naturskapt føresetnader i kommunen kan utnyttast til å skape næring. Dette kan vere alt frå landbruk, oppdrett, opplevingar og nisjesatsingar.</p> |

Tiltak

Slik vil vi gjere det:

1. **Etablererveileding:** Fjord kommune skal ha ei sterk førstelinjeteneste for å hjelpe nyetableringar i gong. Førstelinjetenesta skal også ha eit godt samarbeid med aktørar innan andrelinjetenesta slik at nyetableringar kan få hjelp til å bli vekstbedrifter.
2. **Forretningsutvikling:** Fjord kommune skal ha eit verkemiddelapparat som kan gå inn og hjelpe verksemder ad hoc med tiltak innan forretningsutvikling (t.d. nye forretningsmodellar, nye marknader, produkt-/tenesteutvikling, strategiprossessar, sparringpartner for leiinga og styret osv). Denne funksjonen skal også ha tilgang på kapital som kan investerast i godt utvikla business case som treng kapital for å utløyse sitt potensiale – då gjerne i kombinasjon med annan kapital og støtte frå t.d. Innovasjon Norge.
3. **Handsamingsplakat:** Administrasjonen og lokalpolitikarane skal formulere retningslinjer (ein handsamingsplakat) for korleis ein skal sikre raske prosesser i lokal handsaming av saker frå næringslivet. Lovpålagte oppgåver vert ivaretatt av administrasjonen i kommunen.
4. **Støtteapparat:** Ordførar, formannskap, kommunedirektør, kommunalsjef og verkemiddelapparatet for næringsutvikling skal inngå i eit effektivt og proaktivt støtteapparat for verksemder som treng støtte inn mot regionale/nasjonale mynde i dei sakene kommunen og næringslivet er einige.
5. **Naturressursar:** Fjord kommune skal kontinuerleg sørge for å skaffe ny kunnskap om naturressursar i kommunen som kan nyttast til næringsformål, og sørge for oppdatert planverk som gjer det mogleg å nytte desse ressursane maksimalt på ein berekraftig måte.
6. **Næringsfond:** Gjennom rullering av retningslinjer og vedtekter for næringsfondet, m.a. legge til rette for å kunne tildele midlar gjennom heile året. Formannskapet som fondsstyre.

Punkt 1 og 2 ovanfor er svært sentrale i næringsutviklinga i Fjord kommune og vert organisert på følgjande måte:

- Fjordhagen AS skal ivareta punkt 1 gjennom ei styrka hoppid-satsing. Fjordhagen skal også delvis ivareta punkt 2 Forretningsutvikling gjennom at verksemder skal kunne oppsøke Fjordhagen for å få hjelp til å planlegge, finansiere og realisere sine tiltak. Fjordhagen skal også vere aktøren som bidreg til at utviklingsprosjekt/samarbeidsprosjekt blir planlagt, finansiert og realisert.
- Selskapet Fjord Invest AS vert **skipa med privat kapital** for å ivareta punkt 2. **Fjord kommune skal vere pådrivar for etableringa og fasilitator gjennom prosjektet «Vekst i Fjord».** Fjord Invest AS skal ha mål om å gjere lønsame investeringar i lokalt næringsliv. Selskapet skal kunne gå inn i samarbeid med verksemder om forretningsutvikling og utvikle gode business case for vidare vekst. Administrasjonen i selskapet skal kvalitetssikre business casene og kan legge desse fram for investeringsavgjerd for styret i Fjord Invest AS. Selskapet skal også ha moglegheit til å utvikle eigne business case som vert presentert for styret og potensielle medinvestorar for realisering.

Kombinasjonen av Fjordhagen AS (inkl deira kontakt med andrelinjetenesta) og Fjord Invest AS gjer at Fjord kommune har eit heilskapeleg verkemiddelapparat som kan 1) ta nyetableringar frå start til mål som vekstbedrifter og 2) kan vere bidragsyter til ønska vekst i etablerte verksemder. Desse to aktørane vil då også ha eit godt overblikk over kva behov verksemdene står overfor i møte med lokale, regionale og nasjonale offentlege mynde. Etablerte verksemder som ønsker å etablere aktivitet i Fjord kommune kan også kanaliseras til anten Fjordhagen AS eller Fjord Invest AS alt etter kva som er behova til desse verksemdene. **Inntil vidare skal oppgåvene knytt til «Fjord Invest AS» løysast ved å etablere prosjektet «Vekst i Fjord», eit 2-årig prosjekt, etter mal frå «Vekst i Stordal»**

Utfordringar:

Nedanfor kjem ei grunngjeving for kvifor ein har valgt dei ovannemnde strategiske satsingsområdene.

Gi næringslivet og verksemdene gode vekstforhald gjennom å legge til rette for:

| | |
|---|--|
| At nye frø kan såast gjennom nyetableringar | Dei fleste nyetableringar overlever ikkje dei første 5 åra. I tillegg tek det ofte lang tid før ei nyetablering blir ei vekstbedrift med vesentleg sysselsettingseffekt/verdiskaping. Dette er ei generell utfordring som også gjeld i Fjord kommune. |
| At etablerte verksemder får gjødning gjennom forretningsutvikling | Verksemdene i Fjord kommune har lav lønsemd og dei tilsette har lavt lønnsnivå. Begge deler er indikatorar på at etablerte verksemder har ei potensiell oppside gjennom å vidareutvikle seg. |
| Kort veg til lokale avgjersler om rammebetingelsar som kan gi vekst i verksemdene | Svært mange verksemder er avhengige av offentlege/politiske avgjerd for å kunne gjennomføre ønska bedriftsutvikling. Lite er meir frustrerande for ei verksemd som ønsker å utvikle seg enn å vente lenge på offentlege avgjerd. |
| Vere ein støttespelar for lokale verksemder som treng avgjersler hos regionale og nasjonale mynde | Mange verksemder er avhengige av offentlege/politiske avgjerd på regionalt/nasjonalt nivå. Dette kan vere langvarige og utfordrande prosesser der verksemdene treng støttespelarar. Då er det viktig at kommunen stiller opp som aktiv støttespelar. Dette er sjølvstøtt avgrensa til dei sakene der kommunen og verksemdene er einige i saka. I mange tilfelle er kommunen/ lokalpolitikarar betre rusta til å forstå dei offentlege/politiske prosessane enn verksemda sjølve og kan derfor vere ein nyttig ressurs for verksemdene. |
| Næringar som kan hauste frå den rike naturen vår – både til lands og til vanns. | Mange typar verksemd er flyttbare. Dette har Fjord kommune opplevd innan t.d. møbel. Naturressursar er imidlertid stadbundne, og Fjord |

| | |
|--|---|
| | kommune har ein rik variasjon av slike ressursar. Dersom verksemdar lukkast i å nytte dei lokale naturressursane forretningsmessig vil dei bli verande her. |
|--|---|

Analyse

Følgande analyse ligg til grunn for dei identifiserte utfordringane.

I 2019 blei det gjennomført eit grundig arbeid av «Arbeidsgruppa for samfunns- og næringsutvikling» (vedlegg 1). Dette er oppsummert i ein rapport som mellom anna har analysert m.a.:

- Kva som er dei største verksemdene i Fjord kommune
- Folketalsutvikling og utdanningsnivå
- Kva som har vore gjort av arbeid med næringsutvikling i tidlegare Norddal kommune og Stordal kommune og erfaringane frå dette arbeidet.
- Distriktsenteret sine råd om arbeid med næringsutvikling
- Telemarksforsking sin attraktivitetsmodell
- Organisering av næringsutvikling i andre kommuner
- Næringsfond i Fjord kommune

Denne analysen ligg til grunn for næringsplanen.

I arbeidet med næringsplanen har det vore gjennomført ope møte, innspelsrunde etter ope møte og ei digital næringslivsundersøking som blei sendt ut til alle verksemdar. Resultata frå desse aktivitetane ligg til grunn for næringsplanen.

Omsetnad og lønsemd

I analysen frå arbeidsgruppa var det identifisert kva som er dei største verksemdene i Fjord kommune. I samband med næringsplanen har vi analysert nærare kva som har vore omsetnaden og resultat før skatt i desse verksemdene. Det er svært kritisk for lokalsamfunnet at dei største verksemdene greier å oppretthalde sin aktivitet lokalt. Analysen av dei økonomiske forholda er samstundes urovekkande. Samla resultat før skatt for dei største verksemdene i kommunen utgjør mellom 1-2 % av omsetnad. Dette varierer sjølv sagt mellom verksemdene og frå år til år, men det overordna bildet viser at det er naudsynt å auke lønsemda.

Eit resultat på 1-2 % av omsetnad gjer verksemdene lite attraktive for investering frå ekstern kapital i vidareutvikling, samstundes med at verksemdene sjølv ikkje greier å bygge opp nok kapital til eigen vidareutvikling.

Ein såpass låg resultatgrad er også eit teikn på for låg produktivitet, noko som kan ha samanheng med manglande musklar til å investere i effektivisering.

Det kan vere at mange av dei mindre verksemdene i Fjord kommune har langt betre lønsemd, men samstundes utgjør kvar av desse ein liten del av sysselsettinga i kommunen. Temperaturen hos dei største verksemdene er derfor viktig med tanke på å gi eit bilete av situasjonen i næringslivet. Anten må verksemdene utvikle seg og auke lønsemda, elles vil det vere eit spørsmål om tid før nokre av dei ikkje vil greie seg vidare.

På denne bakgrunn må næringsutviklinga i Fjord kommune ha to perspektiv:

- 1) sikre stort nok tilsig av nyetableringar som får tid nok til å modnast før dei kan ta over rolla som viktige sysselsettarar etter etablerte verksemdene som ikkje greier seg
- 2) bidra etter beste evne til at dei etablerte verksemdene kan vidareutvikle seg, auke lønsemda og overleve på lang sikt – både gjennom forretningsutvikling og tilgang til kapital i vekstfasen.

Lønnsnivå

Normalt vil høg produktivitet gi utslag i form av høgare lønnsnivå. Lønnsnivået i Fjord kommune er imidlertid lågare enn fylket for øvrig og landet elles.

I 2018 var medianinntekta i tidlegare Stordal kommune kr 351.700 og tidlegare Norddal kommune kr 371.400. Til samanlikning var medianinntekta i Møre og Romsdal i 2018 kr 390.500 og i landet kr 401.400.